

Lars Henrik Thingstad

Avanseundersøking for engroshandel

Rapportar

I denne serien vert statistiske analyser, metode- og modellforklaringar frå dei einskilde forskings- og statistikkområda publiserte. Og resultatata av ulike einskildundersøkingar vert publiserte her, oftast med utfyllande kommentarar og analysar.

Reports

This series contains statistical analyses and method and model descriptions from the different research and statistics areas. Results of various single surveys are also published here, usually with supplementary comments and analyses.

© Statistisk sentralbyrå, mai 2001

Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver venleg å gje opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-4919-8

ISSN 0806-2056

Emnegruppe

10.90 Metoder, modeller, dokumentasjon

Design: Enzo Finger Design

Trykk: Statistisk sentralbyrå

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentliggjeras	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5> av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebels tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Retta sidan førre utgåve	Revised since the previous issue	r

Samandrag

Lars Henrik Thingstad

Avanseundersøking for engroshandel

Rapportar 2001/11 • Statistisk sentralbyrå 2001

Norske bedrifter innanfor engroshandel hadde ei bruttoforteneste på 18 prosent for selde handelsvarer i 1998. Dette er litt lågare enn resultatata frå ei tilsvarande undersøking i 1985. Den gongen var bruttofortenesta på 20 prosent. Totalt selde dei 17 818 bedriftene innanfor engroshandel for 463 milliardar kroner i 1998. Varekostnaden utgjorde 379 milliardar kroner, medan bruttofortenesta var på 84 milliardar kroner. Desse beløpa inkluderer ikkje meirverdiavgift. 26,7 prosent av salsinntektene kom frå sal av nærings- og nytingsmiddel, medan 10,2 prosent kom frå sal av motorkøyretøy, landbruksmaskiner og anleggsmaskiner med utstyr og rekvisita. 7,9 prosent av salsinntektene kom frå sal av datamaskiner og utstyr, og 6,4 prosent kom frå sal av byggjeverar, fargevarer og beslagvarer. Bruttofortenesta til næringshovudgruppa engroshandel med nærings- og nytingsmiddel var 10,4 prosent i 1998. Dette var den næringshovudgruppa med lågast bruttoforteneste. Høgast bruttoforteneste var det for sal av klede, med 28,3 prosent.

Sjølv om det totalt sett ikkje er så stor differanse mellom bruttofortenesta i 1985 og 1998, er det til dels store skilnader for einskilde næringar. Nokre næringar har fått auka bruttoforteneste, medan andre har fått lågare. Ein stor nedgang har det til dømes vore for næringa engroshandel med møblar. Bruttofortenesta på sal av møblar har gått ned frå 29 prosent i 1985 til 13 prosent i 1998. Mindre nedgang har det vore for bedrifter innanfor engroshandel med nærings- og nytingsmiddel, kor bruttofortenesta på sal av nærings- og nytingsmiddel har blitt redusert frå 12 prosent i 1985 til 10 prosent i 1998. Næringa engroshandel med motorkøyretøy har tilnærma den same bruttofortenesta på sal av motorkøyretøy for begge åra, med 13 og 12 prosent. Det er fleire næringar kor bruttofortenesta har auka mykje. Ein sterk auke har det for eksempel vore for næringane engroshandel med klede og sko. Her har bruttofortenesta auka frå 23 og 15 prosent i 1985 til 29 og 23 prosent i 1998. Det er vanskeleg med vidare samanlikningar mellom dei to åra fordi næringsstandarden for dei to undersøkingane er ulik. I tillegg er definisjonen av salsinntekter noko ulik frå dei to undersøkingane. I 1985 var offentlege særavgifter inkluderte i salsinntektene, medan dei no er trekt frå. Tilsvarande var offentlege tilskot ikkje med i salsinntektene i 1985, medan dei i 1998 er inkludert. Det er ingen skilnad i definisjonen av bruttoforteneste mellom undersøkingane i 1985 og 1998. Med bruttoforteneste meiner ein differansen mellom salsinntekter og varekostnad for selde handelsvarer. Offentlege særavgifter er ikkje inkluderte i bruttofortenesta, medan offentlege tilskot er med.

Innhold

1. Innleiing	9
1.1. Bakgrunn	9
1.2. Definisjonar	9
2. Datagrunnlaget	11
2.1. Populasjonen.....	11
2.2. Utvalet	11
2.3. Kontrollar og revisjon av utvalet	11
2.4. Estimering	12
2.5. Feilkjelder.....	13
3. Hovudresultat	14
3.1. 18 prosent bruttoforteneste	14
3.2. Lågast bruttoforteneste for engroshandel med nærings- og nytingsmiddel	14
3.3. Høgast bruttoforteneste for engroshandel ikkje nemnd annan stad	15
3.4. Fordeling av salsinntekter etter hovudvaregruppe.....	15
4. Nærings- og nytingsmiddel	17
4.1. Nærings- og nytingsmiddel for 123,6 milliardar kroner.....	17
4.2. Engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nytingsmiddel	17
4.3. Engroshandel med fisk og skaldyr	18
4.4. Engroshandel med frukt og grønnsaker.....	18
4.5. Engroshandel med kjøt og kjøtvarer	18
4.6. Engroshandel med meierivarer, egg, matolje og -feitt	18
4.7. Engroshandel med spesialisert utval av nærings- og nytingsmiddel ikkje nemnd annan stad.....	18
4.8. Engroshandel med vin og brennevin.....	19
5. Klede og skotøy	20
5.1. Høgast bruttoforteneste for klede	20
5.2. 23,5 prosent bruttoforteneste på sal av skotøy.....	21
6. Møblar	22
6.1. Bruttoforteneste på 17,7 prosent for sal av møblar	22
7. Elektriske hushaldningsapparat og lamper	23
7.1. Elektriske hushaldningsapparat	23
7.2. Lamper.....	23
8. Datamaskiner og datateknisk utstyr, telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner	24
8.1. Datamaskiner og datateknisk utstyr.....	24
8.2. Telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner	24
9. Motorkøyretøy og drivstoff	26
9.1. Motorkøyretøy	26
9.2. Petroleumsprodukt.....	27
10. Byggjeverar, fargevarer, beslagvarer, handverktøy og hagereiskapar	28
10.1. Byggjeverar, fargevarer og beslagvarer	28
10.2. Handverktøy og hagereiskapar	29
11. Kjøkenutstyr, servise, pynte- og utstyrsvarer	30
11.1. Kjøkenutstyr	30
11.2. Servise, pynte- og utstyrsvarer	30

12. Varer for sport og fritid og fritidsbåtar med utstyr.....	32
12.1. Varer for sport og fritid	32
12.2. Fritidsbåtar med utstyr.....	33
13. Tekstilvarer og sysaker	34
14. VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc.	35
15. Maskiner og utstyr elles	37
16. Malm, metall og metallvarer	38
17. Varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc.	39
18. Fôr, gjødning, korn- og såvarer.....	40
19. Diverse varer	41
19.1. Apotekvarer og ortopedisk utstyr og sjukepleiarartiklar	41
19.2. Parfyme og kostmetikk, og sjampo, såpe, tannprodukt og andre hygieneartiklar.....	41
19.3. Toalettpapir, bind, bleier og anna hygienepapir.....	41
19.4. Vaske- og reingjeringsartiklar	41
19.5. Skrivemateriell og kontorrekvisita	42
19.6. Bøker, aviser, tidsskrift og blad	42
19.7. Leiker, dataspel, hobbyartiklar, formingsmateriell, etc.	42
19.8. Papir og papp (ikkje tilskore).....	42
19.9. Blomar, planter, buskar	42
19.10. Handelsvarer elles	42
Vedlegg	
A. Bruttoutval, fråfall og nettoutval, etter næringsundergruppe	43
B. Resultat frå avanseundersøkinga for engroshandel 1998.....	44
Tidlegare utgitt på emneområdet.....	62
Dei sist utgitte publikasjonane i serien Rapportar	63

Figurregister

4. Nærings- og nytingsmiddel	
4.1. Nærings- og nytingsmiddel. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mrd. kroner	17
4.2. Engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nytingsmiddel. Salsinntekter, etter varegruppe. 1998. Mrd. kroner.....	18
5. Klede og skotøy	
5.1. Engroshandel med klede. Salsinntekter, etter varegruppe. 1998. Mrd.kr	20
6. Møblar	
6.1. Engroshandel med møblar og innreiingsartiklar. Bruttoforteneste for møblar, etter varegruppe. 1998. Prosent.....	22
8. Datamaskiner og datateknisk utstyr, telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner	
8.1. Engroshandel med maskiner og utstyr for kontor. Bruttoforteneste på datamaskiner og datateknisk utstyr, etter varegruppe. 1998. Prosent	24
8.2. Engroshandel med maskiner og utstyr for kontor. Bruttoforteneste på telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner, etter varegruppe. 1998. Prosent.....	25
9. Motorkøyretøy og drivstoff	
9.1. Motorkøyretøy. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mrd. kroner	26
9.2. Engroshandel med drivstoff og brensel. Bruttoforteneste for petroleumsprodukt. 1998. Prosent.....	27
10. Byggjeverar, fargeverar, beslagvarer, handverktøy og hagereiskapar	
10.1. Byggjeverar, fargeverar og beslagvarer. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mrd. kroner.....	28
11. Kjøkenutstyr, servise, pynte- og utstyrsvarer	
11.1. Kjøkenutstyr. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mill. kroner	30
11.2. Engroshandel med kjøkenutstyr, glas og steintøy, og engroshandel med møblar og innreiingsartiklar. Bruttoforteneste på servise, pynte- og utstyrsvarer, etter varegruppe. 1998. Prosent.....	31
12. Varer for sport og fritid og fritidsbåtar med utstyr	
12.1. Engroshandel med sports- og fritidsutstyr, spel og leiker, og engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk ikkje nemnd annan stad. Bruttoforteneste på varer for sport og fritid, etter varegruppe. 1998. Prosent.....	32
13. Tekstilvarer og sysaker	
13.1. Tekstilvarer og sysaker. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mill. kroner	34
14. VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc.	
14.1. VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mrd. kroner	35
17. Varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc.	
17.1. Varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mrd. kroner.....	39

Tabellregister

3. Hovudresultat

3.1. Salsinntekter, varekostnad og bruttoforteneste, etter næringshovudgruppe. Bedrifter. 1998	14
3.2. Salsinntekter, varekostnad og bruttoforteneste, etter varehovudgruppe. Bedrifter	15

Vedlegg

A1. Bruttoutval, fråfall og nettoutval, etter næringsundergruppe	43
B1. Salsinntekter, varekostnad og bruttoforteneste, etter næringsundergruppe. Bedrifter	44
B2. Salsinntekter, varekostnad og bruttoforteneste, etter vare(hovud)gruppe. Bedrifter. 1998	46
B3. Salsinntekter, varekostnad og bruttoforteneste, etter næringsundergruppe og varegruppe. Bedrifter	47

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Bakgrunnen for avanseundersøkinga for engroshandel 1998 var behovet for ny informasjon i nasjonalrekneskapen om bruttofortenester og salsinntekter for ulike handelsvarer. Det var dessutan eit sterkt ynskje frå Handels- og sevicenæringens Hovedorganisasjon (HSH) om at det vart gjennomført ei ny avanseundersøking for engroshandelen. Ei tilsvarande undersøking vart sist gjennomført i Statistisk sentralbyrå for referanseåret 1985.

Avanseundersøkinga for engroshandel for 1998 viser salsinntekter, varekostnad og bruttoforteneste for ulike handelsvarer. Meirverdiavgift er ikkje inkludert i desse tala. Undersøkinga viser òg omfanget av bransjeblanding innanfor engroshandel. Med bransjeblanding meiner ein i kva grad ei bestemt handelsvare vert selt i ulike næringar. Hovudresultata frå undersøkinga vart publisert på internett (<http://www.ssb.no/engrosavanse>) den 19. desember 2000.

Denne rapporten er ein dokumentasjon på datafangst, kontrollrutinar, uvisse og metodeval i undersøkinga. Vidare vert resultatata frå undersøkinga presentert.

1.2. Definisjonar

1.2.1. Næringsstandard

Den gjeldande standarden for næringsgruppering som Statistisk sentralbyrå nyttar (SN94), byggjer på EU sin standard NACE Rev.1.1. Avanseundersøkinga omfattar berre bedrifter med næringa engroshandel.

1.2.2. Engroshandel

Engroshandel omfattar verksemder som driv vidaresal av nye og brukte varer i eige namn og for eiga rekning og kommisjonssal, dvs. sal i eige namn, men for andre si rekning til vidareforhandlarar og til gardsbruk, industribedrifter, byggje- og anleggsbedrifter og andre bedrifter som nyttar varene i si næringsverksemd, medrekna skular, offentleg administrasjon, helseinstitusjonar og andre sosiale institusjonar mv. Her vert òg verksemder som driv eksport av innkjøpte varer, vidaresal for eiga rekning av importerte varer og sals- og innkjøpslag grupperte.

1.2.3. Varegrupper

Avanseundersøkinga omfattar 252 ulike varegrupper. Seksjon for bygg- og tenestestatistikk samarbeidde med Nasjonalrekneskap, Handels- og sevicenæringens Hovedorganisasjon (HSH) og ulike bransjeorganisasjonar i utforminga av kva varegrupper ein skulle ta med i undersøkinga.

1.2.4. Handelsvarer

Med handelsvarer meiner ein varer som vert kjøpt inn og selte vidare utan å bli bearbeidde i bedrifta. Statistikken omfattar berre handelsvarer som er selte i eige namn og for eiga rekning. Agenturhandel (formidling av sal i namnet til andre) og kommisjonssal (sal i eige namn, men for andre si rekning) er difor ikkje med. Varer som er bearbeidde i bedrifta vert rekna som eigenproduserte varer og ikkje handelsvarer.

1.2.5. Salsinntekter

Som salsinntekter vert rekna all omsetnad frå sal av handelsvarer. Salsinntektene vert ført brutto, dvs. vare- og fraktkostnader er ikkje trekte ifrå. Offentlege særavgifter, rabattar og returar er likevel trekte ifrå, og tilskot for sal av handelsvarer er lagt til. Handelsvarer som er leverte til andre bedrifter i føretaket er teke med, og desse er vurderte til marknadspris.

1.2.6. Særavgifter

Særavgifter omfattar alle faste avgifter (med unnatak av meirverdiavgift og toll) som bedrifta betalar til det offentlege med sal av handelsvarer. Arbeidsgivaravgift, investeringsavgift og avgifter som er knytt til eigen produksjon av varer, er ikkje med. Avgifter som det er knytt motytingar til (vassavgift, renovasjonsavgift), er heller ikkje med.

1.2.7. Offentlege tilskot

Dette omfattar alle dei offentlege tilskota som bedrifta har motteke for sal av handelsvarer. Tilskot til investeringar og produksjon er ikkje med.

1.2.8. Varekostnad

Med varekostnad meiner ein forbruk av innkjøpte handelsvarer. Dette omfattar selde varer sin inntakskost. I tillegg er frakt og toll inkludert. Innkjøpte varer

som ligg på lager er ikkje med i bedrifta sin varekostnad for selde handelsvarer. Verdien av handelsvarer som er motteke frå andre bedrifter i det same føretaket er vurdert til innkjøpspris, og er inkludert i varekostnaden.

1.2.9. Bruttoforteneste

Bruttoforteneste er den realisterte avansen ved sal av handelsvarer, og utgjer differansen mellom salsinntekter og varekostnad for selde handelsvarer. Offentlege særavgifter er ikkje inkludert i bruttofortenesta, medan offentlege tilskot er med.

2. Datagrunnlaget

2.1. Populasjonen

Avanseundersøkinga for engroshandel 1998 omfattar 17 818 bedrifter. Alle desse har engroshandelsnæring (sjå pkt. 1.2.1.). Populasjonen er delt i to, nemleg dei som tilhøyrer utvalet og dei som ikkje gjer det. Utvalet omfattar 2 783 bedrifter (sjå pkt. 2.2.). For dei resterande 15 035 bedriftene har ein estimert tala på bakgrunn av opplysningar frå bedriftene i utvalet og opplysningar frå varehandelsstatistikken (sjå pkt. 2.4.).

2.2. Utvalet

Avanseundersøkinga for engroshandel 1998 vart gjennomført som ei skjemabasert utvalsundersøking. Bedriftene i undersøkinga hadde oppgåveplikt i samsvare med statistikklova. Av omsyn til oppgåvebyrda var følgjande bedrifter i utgangspunktet ikkje trekkbare i undersøkinga:

1. Einbedriftsføretak som var trekt ut i strukturundersøkinga ved Seksjon for bygg- og tenestestatistikk.
2. Bedrifter som var trekt ut i samband med detaljomsetnadsindeksen ved Seksjon for bygg- og tenestestatistikk.
3. Bedrifter med ein omsetnad på mindre enn 500 000 kroner.

Alle dei 7 største bedriftene m.o.t. omsetnad i kvar næringsundergruppe vart trekt. I tillegg vart alle bedrifter som hadde 5 prosent eller meir av omsetnaden i kvar næringsundergruppe trekt. Det vart òg trekt minst 15 bedrifter i kvar næringsundergruppe, viss talet på bedrifter i populasjonen var så høgt. Difor kunne ei bedrift som i utgangspunktet ikkje skulle vorte trekt (jf. punkt 1, 2 eller 3) likevel bli trekt viss ho var ei av dei 7 største i næringsundergruppa, omsetnaden var på 5 prosent eller meir av den totale omsetnaden i næringsundergruppa, eller den var ei av 15 eller færre bedrifter i næringsundergruppa.

Totalt vart det trekt eit utval på 3 590 bedrifter. Dette svarar til 19,6 prosent av bedriftene innanfor engroshandel. Av desse bedriftene var det 38 bedrifter som var registrert med nynorsk som målføre. Oppgåvebyrda til dei trekte bedriftene vart rekna til 1 795 timar eller 240 dagsverk.

Frå bedriftene i utvalet vart det innhenta omsetnad, totale salsinntekter, særavgifter, offentlege tilskot, varekostnad og bruttoforteneste for selde handelsvarer totalt, og salsinntekter og bruttoforteneste for selde handelsvarer fordelt på varegrupper. Utvalet hadde ein total dekningsgrad¹ på 70 prosent. Samstundes var dekningsgraden på minst 43,5 prosent for kvar av næringsundergruppene. Med eit fråfall i bruttoutvalet på 22,5 prosent, vart det endelege utvalet (nettoutvalet) i undersøkinga på 2 783 bedrifter. Samla utvalsandel og total dekningsgrad vart difor høvesvis 15,2 og 65,8 prosent (jf. vedlegg A.).

Ein viktig grunn til fråfallet skuldast næringsendring. Det var 620 bedrifter som hadde feil næring i Det sentrale bedrifts- og føretaksregisteret i Statistisk sentralbyrå. Av desse var det 340 bedrifter som var registrerte med engroshandelsnæring, men som skulle ha hatt ei anna næring (til dømes detaljhandel eller industri). Desse 340 skjema kunne difor ikkje nyttast i undersøkinga, sjølv om ein god del av dei var utfylte. I tillegg var det 170 bedrifter som var opphørde.

2.3. Kontrollar og revisjon av utvalet

For å sikra kvaliteten på dei motteke skjema vart det gjennomført ei rekkje kontrollar, både logiske kontrollar og vurderingskontrollar.

Logiske kontrollar identifiserer direkte feil i datasettet. Eit eksempel på denne kontrolltypen er sumkontrollar mellom underpostar og hovudpostar i spørreskjemaet. Bedrifter som hadde logiske feil vart retta opp maskinelt dersom det var mindre avvik, f.eks. avrundingsfeil eller mindre feil som kom av overslag. Bedrifter med større avvik i dei logiske kontrollane, vart gjennomgått manuelt.

Vurderingskontrollar skal fange opp verdiar som er lite sannsynlege eller mistenkjelege. I avanseundersøkinga for engroshandel vart det blant anna gjort vurderingskontrollar på bedrifta sin omsetnad og bruttoforteneste for ulike handelsvarer. Bedrifter som hadde verdiar ut

¹ Med dekningsgrad meiner ein omsetnaden i utvalet i prosent av omsetnaden i populasjonen (alle bedriftene)

over eit fastsett intervall, vart lista ut for vurdering. Ein annan type vurderingskontroll som har vorte gjennomført, var næringskontrollar basert på fordeling av salsinntekter på varegrupper i spørjeskjemaet. Denne næringskontrollen avdekte ei rekkje feil i bedriftene sine næringskodar (jf. kapittel 2.1. og 2.4.2.).

2.4. Estimering

For bedrifter som ikkje var med i utvalet til avanseundersøkinga og fråfallsbedrifter i utvalet (dvs. 15 035 bedrifter), har totalt blitt estimert med utgangspunkt i omsetnaden frå varehandelsstatistikken for 1998 og nøklar i utvalet i avanseundersøkinga. Datagrunnlaget i varehandelsstatistikken er Allmenn næringsoppgåve og eit spørjeskjema for eit utval av varehandelsføretak, årsrekneskap frå Brønnøysundregistra (kjelde: DM-huset AS) og Næringsundersøkinga i Statistisk sentralbyrå.

Dersom i = bedrift og d = næring, antok vi følgjande samanheng definert i ein modell:

$$Y_{id} = \alpha_d \cdot X_{id} + \epsilon_{id}$$

der:

Y_{id} = sal av handelsvarer

X_{id} = samla omsetnad

ϵ_{id} = tilfeldige feil

α_d = faktor

Ei bedrift sitt sal av handelsvarer vart estimert ved å multiplisera bedrifta sin totale omsetnad med ein faktor α , som var felles for heile næringa. Denne faktoren vart utrekna som forholdet mellom sum salsinntekter for selde handelsvarer og sum omsetnad til alle bedriftene i utvalet innanfor næringa.

Vi definerte:

$$\hat{Y}_d = \sum_i Y_{id} = \text{sal av handelsvarer i populasjonen}$$

$$X_d = \sum_i X_{id} = \text{samla omsetnad i populasjonen}$$

$$y_d = \sum_i y_{id} = \text{sal av handelsvarer i utvalet (observert i spørjeskjemaet)}$$

$$x_d = \sum_i x_{id} = \text{samla omsetnad i utvalet (observert i spørjeskjemaet)}$$

Rateestimatoren for Y_d vart definert ved:

$$\hat{Y}_d = \hat{\alpha}_d \cdot X_d, \text{ der } \hat{\alpha}_d = \frac{y_d}{x_d}$$

På same måten definerte vi ein modell for bedrifta sitt sal av ei varegruppe t ved:

$$Y_{id}^t = \omega_d^t \cdot Y_{id} + \epsilon_{id}^t$$

der:

Y_{id}^t = sal av varegruppe t

Y_{id} = sal av handelsvarer totalt for bedrifta

ϵ_{id} = tilfeldige feil

ω = faktor

Ei bedrift sitt sal av ei handelsvare vart altså definert som bedrifta sitt totale sal av handelsvarer multiplisert med ein faktor ω som var felles for heile næringa.

Vi definerte:

$$\hat{Y}_d^t = \sum_i Y_{id}^t = \text{sal av varegruppe } t \text{ i populasjonen}$$

$$y_d^t = \sum_i y_{id}^t = \text{sal av varegruppe } t \text{ i utvalet (observert i spørjeskjemaet)}$$

$$y_d = \sum_i y_{id} = \text{sal av handelsvarer totalt i utvalet (observert i spørjeskjemaet)}$$

$$\hat{Y}_d = \sum_i Y_{id} = \text{sal av handelsvarer totalt i populasjonen (estimert storleik)}$$

at estimatoren for Y_{id}^t vart definert ved:

$$\hat{Y}_d^t = \hat{\omega}_d^t \cdot \hat{Y}_d, \text{ der } \hat{\omega}_d^t = \frac{y_d^t}{y_d}$$

Dersom i = bedrift, d = næring og t = varegruppe, vart følgjande samanheng definert i ein modell:

$$A_{id}^t = B_d^t \cdot Y_{id} + \epsilon_{id}^t$$

der:

A_{id}^t = bruttoforteneste (i kroner) for vare t

Y_{id}^t = sal av handelsvare t

ϵ_{id}^t = tilfeldige feil

B_d^t = faktor = bruttoforteneste (del av salsinntekter) for varegruppe t

Ei bedrift si bruttoforteneste i kroner for salet av ei handelsvare vart altså definert som bedrifta sitt sal av handelsvarer multiplisert med ein faktor B_{jd}^t , som var felles for heile næringa.

Vi definerte:

$A_d^t = \sum_i A_{id}^t$ = bruttoforteneste (i kroner) for varegruppe t i populasjonen

$Y_d^t = \sum_i Y_{id}^t$ = sal av varegruppe t i populasjonen

$a_d^t = \sum_i a_{id}^t$ = bruttoforteneste (i kroner) for varegruppe t i utvalet (observert i spørreskjemaet)

$y_d^t = \sum_i y_{id}^t$ = sal av varegruppe t i stratum j i utvalet (observert i spørreskjemaet)

Ein estimator for raten B_{jd}^t vart definert som

$$\hat{B}_d^t = \frac{A_d^t}{Y_d^t} = \frac{a_d^t}{y_d^t}$$

2.5. Feilkjelder

2.5.1. Feil i utvalet

Feil i utvalet er ikkje feil i vanleg forstand, men eit uttrykk for moglege tilfeldige feil, dvs. den uvissa ein får i resultatata fordi dei byggjer på opplysningar om berre ein del av populasjonen. I alle utvalsundersøkingar er det knytt ei viss uvisse til om utvalet er representativt.

2.5.2. Fråfall i utvalet

I avanseundersøkinga for engroshandel var det trekt eit bruttoutval på 3 590 bedrifter. Nettoutvalet var på 2 783 bedrifter, noko som svarar til 77,5 prosent av bruttoutvalet. Ein viktig grunn til fråfallet skuldast næringsendring. Det var 620 bedrifter som hadde feil næring i Det sentrale bedrifts- og føretaksregisteret i

Statistisk sentralbyrå. Av desse var det 340 bedrifter som var registrerte med engroshandelsnæring, men som skulle ha hatt ei anna næring (til dømes detaljhandel eller industri). Desse 340 skjema kunne difor ikkje nyttast i undersøkinga, sjølv om ein god del av dei var utfylte. I tillegg var det 170 bedrifter som var opphøyrde.

2.5.3. Målings- og bearbeidingsfeil

Resultata frå ei statistisk undersøking vil som regel innehalde visse målings- og bearbeidingsfeil. Målingsfeila oppstår ved at oppgåvegjevaren på grunn av gløymse, misforståing av spørsmål o.l. gjev feil opplysningar. Bearbeidingsfeil er f.eks. feil som oppstår ved overføring av opplysningar frå spørreskjema til maskinlesbart medium, gale vurderingar eller feil i utføring av ulike kontrollar i uvalet.

Spørreskjemaet i avanseundersøkinga for engroshandel er utforma i nært samarbeid med ei rekkje bransjeorganisasjonar, og er på førehand testa ut i ei pilotundersøking. Likevel er det knytt ei viss uvisse til oppgåvegjevarane si tolking av postane i spørreskjemaet. Med heile 252 varegrupper er det ikkje funne formålstenleg å definere dei einskilde varegruppene i rettleiinga. Ulike tolkingar av kva slag varer som inngår i kvar varegruppe fører difor til ei viss uvisse omkring resultatata på varegruppenivå. Det same gjeld for oppgåvegjevarar som har fordelt salsinntektene på varegrupper etter overslag.

3. Hovudresultat

3.1. 18 prosent bruttoforteneste

Bedriftene innanfor engroshandel selde handelsvarer for 463 milliardar kroner i 1998. Varekostnaden var på 379 milliardar kroner, noko som gav ei bruttoforteneste på 84 milliardar kroner, eller 18,2 prosent av salsinntektene. Meirverdiavgift er ikkje inkludert i desse tala. Bruttofortenesta er noko lågare enn resultatet frå ei tilsvarande undersøking gjennomført av Statistisk sentralbyrå for referanseåret 1985. Den gongen var bruttofortenesta på 20 prosent.

Sjølv om det totalt sett ikkje er så stor differanse mellom bruttofortenesta i 1985 og 1998, er det til dels store skilnader for einskilde næringer. Nokre næringer har fått auka bruttoforteneste, medan andre har fått lågare. Ein stor nedgang har det til dømes vore for næringa engroshandel med møblar. Bruttofortenesta på sal av møblar har gått ned frå 29 prosent i 1985 til 13 prosent i 1998. Mindre nedgang har det vore for bedrifter innanfor engroshandel med nærings- og nytingsmiddel, kor bruttofortenesta på sal av nærings- og nytingsmiddel har blitt redusert frå 12 prosent i 1985 til 10 prosent i 1998. Næringa engroshandel med motorkøyretøy har tilnærma den same bruttofortenesta på sal av motorkøyretøy for begge åra, med 13 og 12 prosent.

Det er fleire næringer kor bruttofortenesta har auka mykje. Ein sterk auke har det for eksempel vore for næringsundergruppene engroshandel med klede og

engroshandel med sko. Her har bruttofortenesta auka frå 23 og 15 prosent i 1985 til 29 og 23 prosent i 1998. Det er vanskeleg med vidare samanlikningar mellom dei to åra fordi næringsstandarden for dei to undersøkingane er ulik. I tillegg er definisjonen av salsinntekter noko ulik frå dei to undersøkingane. I 1985 var offentlege særavgifter inkludert i salsinntektene, medan dei no er trekt frå. Tilsvarande var offentlege tilskot ikkje med i salsinntektene i 1985, medan dei er inkludert i 1998. Det er ingen skilnad i definisjonen av bruttoforteneste mellom undersøkingane i 1985 og 1998. Med bruttoforteneste meiner ein differansen mellom salsinntekter og varekostnad for selde handelsvarer. Offentlege særavgifter er ikkje inkludert i bruttofortenesta, medan offentlege tilskot er med.

3.2. Lågast bruttoforteneste for engroshandel med nærings- og nytingsmiddel

Bruttofortenesta til næringshovudgruppa engroshandel med nærings- og nytingsmiddel var 10,4 prosent i 1998 (jf. tabell 3.1). Dette var den næringshovudgruppa med lågast bruttoforteneste i 1998. Totalt selde bedrifter innanfor denne næringshovudgruppa handelsvarer for 128,2 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 13,3 milliardar kroner. Innanfor denne næringshovudgruppa var bruttofortenesta lågast for engroshandel med fisk og skaldyr, med 4,6 prosent. Nesten like låg var den for engroshandel med kjøt og kjøtvarer, med 5,8 prosent.

Tabell 3.1. Salsinntekter, varekostnad og bruttoforteneste, etter næringshovudgruppe. Bedrifter. 1998

Næringshovudgruppe	Bedrifter	Selde handelsvarer					
		Salsinntekter ¹		Varekostnad ¹		Bruttoforteneste ¹	
		1 000 kr	Prosentandel	1 000 kr	1 000 kr	Prosent av salsinntekter	
Engroshandel i alt.....	17 818	462 557 597	100,00	378 598 532	83 959 065	18,2	
50 Engroshandel med motorkøyrtøy, motorsyklar og drivstoff	764	34 262 883	7,41	28 613 589	5 649 294	16,5	
51.2 Engroshandel med jordbruksråvarer og levande dyr	499	14 782 592	3,20	12 948 104	1 834 488	12,4	
51.3 Engroshandel med nærings- og nytingsmiddel	1 745	128 219 920	27,72	114 933 426	13 286 494	10,4	
51.4 Engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk ...	4 329	77 690 578	16,80	58 179 622	19 510 957	25,1	
51.5 Engroshandel med innsatsvarer med unntak av jordbruksvarer. Avfall og skrap	3 123	92 506 201	20,00	73 974 250	18 531 952	20,0	
51.6 Engroshandel med maskiner og utstyr	6 166	108 696 087	23,50	85 628 852	23 067 235	21,2	
51.7 Engroshandel ikkje nemnd annan stad	1 192	6 399 336	1,38	4 320 690	2 078 646	32,5	

¹ Meirverdiavgift er ikkje inkludert.

Tabell 3.2. Salsinntekter, varekostnad og bruttoforteneste, etter varehovudgruppe. Bedrifter. 1998

Varehovudgruppe	Selde handelsvarer				
	Salsinntekter ¹		Varekostnad ¹	Bruttoforteneste ¹	
	1 000 kr	Prosentandel	1 000 kr	1 000 kr	Prosent av salsinntekter
Engroshandel i alt	462 557 597	100,00	378 598 532	83 959 065	18,2
080 Fôr, gjødning, korn- og såvarer	12 097 118	2,62	10 647 359	1 449 759	12,0
110 Nærings- og nytingsmiddel	123 617 600	26,72	110 821 268	12 796 332	10,4
160 Skotøy	2 430 201	0,53	1 858 000	572 201	23,5
170 Klede	11 344 471	2,45	8 130 567	3 213 904	28,3
210 Varer for sport og fritid (unnateke klede og skotøy)	2 973 089	0,64	2 306 320	666 770	22,4
230 Kjøkenutstyr (unnateke servise og elektriske hushaldningsapparat)	997 561	0,22	763 672	233 890	23,4
233 Lamper, lampettar etc. med utstyr	2 544 650	0,55	1 931 571	613 080	24,1
240 Servise, pynte- og utstyrvarer (unnateke hushaldningsvarer i plast og tre)	1 943 642	0,42	1 408 659	534 983	27,5
260 Møblar	5 602 711	1,21	4 610 230	992 481	17,7
310 Tekstilvarer m/sysaker	2 901 580	0,63	2 095 308	806 272	27,8
330 Elektriske hushaldningsapparat	7 518 438	1,63	6 134 511	1 383 927	18,4
360 Varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc.	9 422 709	2,04	7 551 632	1 871 077	19,9
410 Datamaskiner og datateknisk utstyr	36 313 386	7,85	31 210 887	5 102 498	14,1
430 Telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner	7 465 132	1,61	6 093 029	1 372 103	18,4
450 Byggevarer, fargevarer og beslagvarer	29 714 988	6,42	23 513 212	6 201 776	20,9
480 Handverktøy og hagereskap	6 222 224	1,35	4 623 097	1 599 127	25,7
510 Motorkøyretøy, landbruksmaskiner og anleggsmaskiner med utstyr og rekvisita	47 250 684	10,22	39 358 855	7 891 829	16,7
540 VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc.	21 970 400	4,75	16 211 705	5 758 695	26,2
550 Maskiner og utstyr elles	27 887 330	6,03	20 446 635	7 440 694	26,7
580 Fritidsbåtar med utstyr (unnateke fiskereiskapar)	1 138 234	0,25	903 555	234 679	20,6
610 Petroleumsprodukt	17 806 351	3,85	13 266 479	4 539 872	25,5
640 Malm, metall og metallvarer	15 710 048	3,40	13 324 947	2 385 101	15,2
710 Andre handelsvarer	67 685 049	14,63	51 387 034	16 298 015	24,1

¹ Meirverdiavgift er ikkje inkludert.

Tabell 3.1 syner òg at bruttofortenesta var sær s låg for engroshandel med jordbruksråvarer og levande dyr, med 12,4 prosent. Bedrifter innanfor denne næringshovudgruppa selde handelsvarer for 14,8 milliardar kroner i 1998 og hadde ei bruttoforteneste på 1,8 milliardar kroner. Innanfor denne næringshovudgruppa var bruttofortenesta lågast for engroshandel med levande dyr, med 3,4 prosent.

3.3. Høgast bruttoforteneste for engroshandel ikkje nemnd annan stad

Tabell 3.1 viser at bruttofortenesta til næringshovudgruppa ikkje nemnd annan stad var 32,5 prosent. Dette var den næringshovudgruppa med høgast bruttoforteneste i 1998. Totalt selde desse bedriftene innanfor engroshandel handelsvarer for 6,4 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 2,1 milliardar kroner.

Bruttofortenesta var òg høg innanfor engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk, med 25,1 prosent. Tabell 3.1 syner at bedrifter innanfor denne næringshovudgruppa selde handelsvarer for 77,7 milliardar kroner i 1998 og oppnådde ei bruttofortenesta på 19,5 milliardar kroner. Høgast var bruttofortenesta for engroshandel med tapet og reingjeringsmiddel, med 35,4 prosent.

Bruttofortenesta var noko lågare for næringshovudgruppene engroshandel med maskiner og utstyr og engroshandel med innsatsvarer, med høvesvis 21,2 og 20 prosent. Totalt selde bedrifter med desse næringane

handelsvarer for 108,7 og 92, 5 milliardar kroner i 1998, og bruttofortenesta utgjorde 23,1 og 18,5 milliardar kroner.

I den siste næringshovudgruppa, dvs. engroshandel med motorkøyretøy, motorsyklar og drivstoff, var bruttofortenesta på 16,5 prosent. Totalt selde desse bedriftene handelsvarer for 34,3 milliardar kroner i 1998, med ei bruttoforteneste på 5,6 milliardar kroner.

3.4. Fordeling av salsinntekter etter hovudvaregruppe

Det vart selt nærings- og nytingsmiddel for 123,6 milliardar kroner i 1998 (jf. tabell 3.2). Dette svarar til 26,7 prosent av dei totale salsinntektene innanfor engroshandel. Bruttofortenesta utgjorde 12,8 milliardar kroner, noko som svarar til 10,4 prosent av salsinntektene.

Tabell 3.2 syner at det vart selt motorkøyretøy, landbruksmaskiner og anleggsmaskiner med utstyr og delar for 47,3 milliardar kroner innanfor engroshandel i 1998. Dersom ein ser dette i prosent av dei totale salsinntektene, vert det 10,2 prosent. Bruttofortenesta på varene vart 7,9 milliardar kroner, eller 16,7 prosent. Tabellen syner òg at salsinntektene for sal av datamaskiner og datateknisk utstyr var på 36,3 milliardar kroner, eller 7,9 prosent av alle selde handelsvarer innanfor engroshandel. Bruttofortenesta på desse varene var på 5,1 milliardar kroner eller 14,1 prosent. Samstundes vart det selt byggevarer, fargevarer og

beslagvarer for 29,7 milliardar kroner innanfor engroshandel. Dette utgjer 6,4 prosent av dei totale salsinntektene. Bruttofortenesta var på 6,2 milliardar kroner, noko som tilsvarar 20,9 prosent. Det vart òg selt VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell og el. installasjonsmateriell for 22 milliardar kroner i 1998, noko som utgjer 4,8 prosent av salsinntektene til alle handelsvarer som vart selt innanfor engroshandel dette året. Bruttofortenesta var på 5,8 milliardar kroner eller 26,2 prosent.

Tabell 3.2 syner at salet av petroleumsprodukt utgjorde 17,8 milliardar kroner i 1998, med ei bruttoforteneste på 25,5 prosent. Samstundes vart det selt for 15,7 milliardar kroner av malm, metall og metallvarer dette året, med ei bruttoforteneste på 15,2 prosent. Det vart òg selt for 12,1 milliardar kroner av fôr, gjødning, korn og såvarer, med ei bruttoforteneste på 12 prosent. Salet av klede var noko mindre, med ei salsinntekt på 11,3 milliardar kroner. Bruttofortenesta på salet av klede var til gjengjeld størst, med 28,3 prosent. Salet av varer og utstyr til radio, TV, CD, foto, film etc. utgjorde 9,4 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 19,9 prosent. Det vart selt for 7,5 milliardar kroner av elektriske hushaldningsapparat i 1998, med ei bruttoforteneste på 18, prosent. Salet av handverktøy og hagereiskap var på 6,2 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 25,7 prosent. Salet av møblar var på 5,6 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 17,7 prosent.


4. Nærings- og nytingsmiddel

4.1. Nærings- og nytingsmiddel for 123,6 milliardar kroner

Det var selt nærings- og nytingsmiddel for 123,6 milliardar kroner i 1998. Meirverdiavgift er ikkje inkludert i desse tala. Dette svarar til 26,7 prosent av alle salsinntektene innanfor engroshandel. Salet av nærings- og nytingsmiddel fordelte seg med 44,4 milliardar kroner innanfor engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nytingsmiddel, 43,1 milliardar kroner innanfor engroshandel med fisk og skaldyr, 7,8 milliardar kroner innanfor engroshandel med frukt og grønsaker og 7,3 milliardar kroner engroshandel med kjøt og kjøtvarer. I tillegg vart det selt nærings- og nytingsmiddel for 7,0 milliardar kroner innanfor engroshandel med meierivarer, egg, matolje og -feitt, 4,1 milliardar kroner innanfor engroshandel med spesialisert utval av nærings- og nytingsmiddel ikkje nemnd annan stad og 2,1 milliardar kroner innanfor engroshandel med vin og brennevin. Salet av nærings- og nytingsmiddel var litt lågare innanfor engroshandel med drikkevarer elles og engroshandel med sukker, sjokolade og drops, kor salet av slike varer utgjorde høvesvis 1,9 og 1,7 milliardar kroner. Enda lågare var salet av nærings- og nytingsmiddel innanfor engroshandel med kaffi, te, kakao og krydder med 929 millionar kroner.

Den samla bruttofortenesta på nærings- og nytingsmiddel innanfor engroshandel var 10,4 prosent. Men tala varierer mykje for dei ulike næringsundergruppene. Den høgaste bruttofortenesta på nærings- og nytingsmiddel var det innanfor engroshandel med tobakksvare, med 36,6 prosent. Nesten like høg bruttoforteneste på nærings- og nytingsmiddel var det innanfor engroshandel med sukker, sjokolade og drops, med 35,8 prosent. Lågast bruttoforteneste på sal av nærings- og nytingsmiddel var det innanfor engroshandel med fisk og skaldyr, med 4,6 prosent. Sær låg bruttoforteneste på nærings- og nytingsmiddel var det òg innanfor engroshandel med kjøt og kjøtvarer, med 5,8 prosent. Dei store ulikskapane i bruttoforteneste mellom næringsundergruppene skuldast både ulike bruttoforteneste på dei same varene mellom bransjane, og ulike varesortiment innanfor nærings- og nytingsmiddel.

Figur 4.1. Nærings- og nytingsmiddel. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mrd. kroner



4.2. Engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nytingsmiddel

Bedrifter innanfor næringsundergruppa engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nytingsmiddel selde nærings- og nytingsmiddel for 44,4 milliardar kroner i 1998, med ei bruttoforteneste på 10,6 prosent. Når ein berre ser på nærings- og nytingsmiddel innanfor denne næringsundergruppa, var bruttofortenesta størst på sal av alkoholfrie vinar, likør- og spritessensar, med 21,2 prosent. Nesten like høg var bruttofortenesta for sal av grønsaker, poteter, frukt og bær (ferskvarer) og for sal av dyremat, med høvesvis 20,2 og 20 prosent. Lågast var bruttofortenesta på sal av tobakksvare, med 2,6 prosent. Sær låg var bruttofortenesta òg på sal av iskrem og vin og brennevin, med høvesvis 5,8 og 6,1 prosent.

Den varegruppa det vart selt mest av innanfor engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nytingsmiddel i 1998, var sjokolade, sukkertøy, peanøtter o.l. snacks, med 7,7 milliardar kroner. Dernest vart det selt

mest av kjøt, kjøtprodukt, fisk og fiskeprodukt, med 6,1 milliardar kroner i salsinntekter. I tillegg vart det selt annan tørrmat (kjeks, knekkebrød, bakervarer, suppeposar, krydder, etc.) for 5,8 milliardar kroner. Omsetninga av ost, mjølk, margarin og andre meieriprodukt var noko lågare med 4,9 milliardar kroner. Det vart selt kaffi og te for 3,1 milliardar kroner, medan salsinntektene for hermetikk utgjorde 2,3 milliardar kroner. Salet av grønnsaker, poteter, frukt og bær var fordelt med 2,2 milliardar kroner på ferskvarer og 2,1 milliardar kroner på konsumentpakka frysevarer.

4.3. Engroshandel med fisk og skaldyr

Innanfor engroshandel med fisk og skaldyr vart det selt handelsvarer for 43,1 milliardar kroner i 1998. 99,9 prosent av denne summen gjaldt nærings- og nyttingsmiddel. Av denne summen vart det selt fisk (fersk, fryst, salta og tørka) for 36,9 milliardar kroner, medan det vart selt fiskevarer (ferskvarer og frysevarer) og skaldyr (ferske og fryste) for høvesvis 4,5 og 1,4 milliardar kroner. Samla utgjorde salet av fisk, fiskevarer og skaldyr 99,3 prosent av salet av handelsvarer for denne næringsundergruppa i 1998.

Bruttofortenesta på sal av handelsvarer innanfor engroshandel med fisk og skaldyr var på 4,6 prosent i 1998. Bruttofortenesta var 5,6 prosent på sal av fiskevarer, medan den var 4,5 og 3 prosent på sal av fisk og skaldyr.

4.4. Engroshandel med frukt og grønnsaker


Innanfor engroshandel med frukt og grønnsaker vart det selt handelsvarer for 7,9 milliardar kroner i 1998. 99,7 prosent av denne summen gjaldt sal av nærings- og nyttingsmiddel. Det vart selt grønnsaker, poteter, frukt og bær for 7,4 milliardar kroner, medan salet av andre nærings- og nyttingsmiddel utgjorde 433 millionar kroner. Bruttofortenesta for desse to varegruppene var 13,5 og 13,8 prosent.

4.5. Engroshandel med kjøt og kjøtvarer

Salet av handelsvarer innanfor engroshandel med kjøt og kjøtvarer var nesten like stort som innanfor frukt og grønnsaker, med 7,3 milliardar kroner. 99,8 prosent av denne omsetnaden gjaldt sal av nærings- og nyttingsmiddel. Av denne summen vart det selt heilt slakt av storfe, gris og småfe for 4,7 milliardar kroner. Det vart selt kylling, fjørfekjøt og -produkt for 721 millionar kroner. Salsinntektene for oppdelt kjøt m/bein eller beinfritt var på 685 millionar kroner, medan salsinntektene for kjøtprodukt av storfe, gris og småfe utgjorde 522 millionar kroner.

Samla vart bruttofortenesta på sal av handelsvarer innanfor denne næringsundergruppa 5,8 prosent. Størst bruttoforteneste var det på sal av kjøtprodukt av storfe, gris og småfe, med 40,7 prosent. Svært høg var bruttofortenesta òg på sal av fiskevarer, med 32,4 prosent. Den lågaste bruttofortenesta var det på sal av

Figur 4.2. Engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nyttingsmiddel. Salsinntekter, etter varegruppe. 1998. Mrd. kroner



heilt slakt av storfe, gris og småfe, kor bruttofortenesta var negativ, med -0,5 prosent.

4.6. Engroshandel med meierivarer, egg, matolje og -feitt

Salet av handelsvarer innanfor engroshandel med meierivarer, egg, matolje og -feitt var på 7 milliardar kroner i 1998. Alle salsinntektene gjaldt sal av nærings- og nyttingsmiddel. Av denne summen vart det selt ost, mjølk, margarin og andre meierivarer for 6,5 milliardar kroner og egg for 285 millionar kroner.

Samla vart bruttofortenesta på sal av handelsvarer innanfor denne næringsundergruppa på 19,5 prosent. Bruttofortenesta på sal av ost, mjølk, margarin og andre meieriprodukt var på 19,6 prosent, medan bruttofortenesta på sal av egg var på 12,7 prosent.

4.7. Engroshandel med spesialisert utval av nærings- og nyttingsmiddel ikkje nemnd annan stad

Salsinntektene for sal av handelsvarer innanfor engroshandel med nærings- og nyttingsmiddel ikkje nemnd annan stad var på 4,5 milliardar kroner i 1998. 91,2 prosent av desse salsinntektene gjaldt nærings- og nyttingsmiddel. Det vart selt bl.a. annan tørrmat (kjeks, knekkebrød, bakervarer, suppeposar, kakao, krydder,

etc.) for 1,6 milliardar kroner og helsekost for 1,1 milliardar kroner. Bruttofortenesta for desse to varegruppene var på høvesvis 29 og 27,5 prosent. Den samla bruttofortenesta på sal av handelsvarer og på sal av nærings- og nytingsmiddel var den same, dvs. 28,1 prosent.

4.8. Engroshandel med vin og brennevin

Salsinntektene for engroshandel med vin og brennevin var på 2,1 milliardar kroner i 1998. Heile summen gjaldt sal av nærings- og nytingsmiddel. Det vart selt vin og brennevin for 2,1 milliardar kroner, eller 98,8 prosent av dei totale salsinntektene. Elles vart det selt øl (klasse C-F) og alkoholfrie vinar, likør- og spritessensar for høvesvis 15 og 10 millionar kroner.

Den totale bruttofortenesta var på 13,3 prosent. Bruttofortenesta på sal av vin og brennevin var på 13,2 prosent, medan den var på 24,9 og 27 prosent for sal av øl (klasse C-F) og sal av alkoholfrie vinar, likør- og spritessensar.

5. Klede og skotøy


5.1. Høgast bruttofteneste for klede

Sal av klede hadde den høgaste bruttoftenesta av varehovudgruppene i 1998, med 28,3 prosent. Salsinntektene utgjorde 11,3 milliardar kroner.

Innanfor næringsundergruppa engroshandel med klede vart det selt klede for 8,9 milliardar kroner i 1998. Dette svarar til 78 prosent av alle klede som vart selt innanfor engroshandel. Bruttoftenesta var på 28,9 prosent. Innanfor denne næringsundergruppa var bruttoftenesta på salet av sports- og fritidsklede på 39,4 prosent i 1998. Dette var den varegruppa innanfor engroshandel med klede med høgast bruttofteneste. Nesten lik høg var bruttoftenesta på salet av undertøy, T-skjorter, sokkar, strømpes, vottar o.l. klede, med 38,6 prosent. Salsinntektene for desse to varegruppene var på 1,3 og 1,1 milliardar kroner. Bruttoftenesta på salet av klede av pels og skinn var på 35 prosent, med ei bruttofteneste på 148 millionar kroner. Lågast bruttofteneste var det på salet av ungdomsklede, med 18,9 prosent. Det vart i tillegg selt dame- og herreklede for høvesvis 2,4 og 1,9 milliardar kroner i 1998, med ei bruttofteneste på 28,4 og 22,4 prosent. Salet av klede for barn utgjorde 306 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 28,9 prosent. Samstundes vart det selt arbeidsklede innanfor engroshandel med klede for 625 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 28,5 prosent.

Også innanfor andre næringsundergrupper vart det selt klede. Det vart mellom anna selt klede for 776 millionar kroner innanfor engroshandel med sports- og fritidsutstyr, spel og leiker. Dette svarar til 6,8 prosent av alt sal av klede i 1998. Bruttoftenesta desse bedriftene fekk var høgare enn innanfor engroshandel med klede. Totalt oppnådde bedrifter innanfor engroshandel med sports- og fritidsutstyr, spel og leiker ei bruttofteneste på sal av klede på 31,4 prosent. Ikkje overraskande var det salet av sports- og fritidsklede som dominerte innanfor denne næringsundergruppa. Det vart her selt slike klede for 759 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 31,3 prosent.

Figur 5.1. Engroshandel med klede. Salsinntekter, etter varegruppe. 1998. Mrd. kr



Innanfor engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk ikkje nemnd annan stad vart det selt klede for 385 millionar kroner, dvs. 3,4 prosent av totalt klessal i 1998. Bruttoftenesta var på 13,9 prosent, dvs. lågare enn innanfor engroshandel med klede. Salet av klede fordelte seg med 187 millionar kroner på undertøy, T-skjorter, sokkar, strømpes, vottar, o.l. klede, og med 191 millionar kroner for sports- og fritidsklede. Bruttoftenesta var på høvesvis 9,8 og 17,3 prosent.

Innanfor engroshandel med tekstilar og utstysvarer vart det selt klede for 237 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 28,1 prosent.

Det vart òg selt klede innanfor engroshandel med jernvarer, røyrleggjarartiklar og oppvarmingsutstyr. Men all salsinntekta her gjaldt sal av arbeidsklede. Dei utgjorde 205 millionar kroner, eller 1,8 prosent av totalt sal av klede i 1998. Bruttofortenesta var på 21,2 prosent.

Innanfor engroshandel ikkje nemnd annan stad vart det selt klede for 195 millionar kroner, eller 1,7 prosent av alt klessal. Bruttofortenesta var på 29,4 prosent. Av dette salet var 134 millionar kroner sal av arbeidsklede, med ei bruttoforteneste på 29,7 prosent.

5.2. 23,5 prosent bruttoforteneste på sal av skotøy

Det vart selt skotøy for 2,4 milliardar kroner innanfor engroshandel i 1998, med ei bruttoforteneste på 23,5 prosent. 77,4 prosent av dette skosalet skjedde innanfor engroshandel med sko. Totalt selde bedrifter innanfor denne næringsundergruppa sko for 1,9 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 22,7 prosent.

9 prosent av alt skosal skjedde innanfor engroshandel med sports- og fritidsutstyr, spel og leiker. Bedrifter innanfor denne næringsundergruppa selde sko for 219 millionar kroner i 1998, med ei bruttoforteneste på 19,1 prosent.

Innanfor engroshandel med klede vart det selt sko for 185 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 39,3 prosent. Dette svarar til 7,6 prosent av det totale skosalet.

Innanfor engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk ikkje nemnd annan stad vart det selt skotøy for 111 millionar kroner, dvs. 4,6 prosent av alt skosal. Bruttofortenesta var på 19,2 prosent.

6. Møblar


6.1. Bruttoforteneste på 17,7 prosent for sal av møblar

Det var ei bruttoforteneste på 17,7 prosent for sal av møblar innanfor engroshandel i 1998. Totalt vart det selt møblar for 5,6 milliardar kroner. 64,5 prosent av salet, dvs. 3,6 milliardar kroner, skjedde innanfor engroshandel med møblar og innreiingsartiklar. Dette er ein god del høgare enn bedrifter med næringa engroshandel med maskiner og utstyr for kontor oppnådde, kor det vart selt møblar for 1,6 milliardar kroner. Denne siste summen svarar til 28,9 prosent av alt møbelsal innanfor engroshandel. Til gjengjeld var bruttofortenesta på sal av møblar høgare innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for kontor, med 24,4 prosent, mot 13 prosent innanfor engroshandel med møblar og innreiingsartiklar. Mesteparten av møbelsalet innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for kontor gjaldt sal av kontormøblar.

Innanfor engroshandel med møblar og innreiingsartiklar vart det til gjengjeld selt mest av sofagrupper og sofabord, med ei salsinntekt på 1,1 milliardar

kroner. Viss ein berre ser på salet av møblar og ser bort frå varegruppa andre møblar, var det kjøkenmøblar som hadde høgast bruttoforteneste innanfor denne næringsundergruppa, med 16,3 prosent. Salsinntektene for denne varegruppa var på 129 millionar kroner. Lågast bruttoforteneste var det for sal av soveromsmøblar, med 7,6 prosent. Reolar, seksjonar, kommodar og andre oppbevaringsmøblar hadde tilnærma like låg bruttoforteneste, med 7,7 prosent. Bruttofortenesta var òg sær s låg for barne- og ungdomsmøblar, med 7,9 prosent. Salsinntektene for desse 3 varegruppene var høvesvis 190, 316 og 62 millionar kroner. Det vart selt kvilestolar for 375 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 14,6 prosent. Salet av madrassar utgjorde 389 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 15,6 prosent. Salet av spiseroms- møblar var på 344 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 11,1 prosent. Det vart selt entré- og fritids- møblar for 295 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 15,6 prosent. I tillegg vart det selt småmøblar for 126 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 15,1 prosent.

Figur 6.1. Engroshandel med møblar og innreiingsartiklar. Bruttoforteneste for møblar, etter varegruppe. 1998. Prosent



7. Elektriske hushaldningsapparat og lamper

7.1. Elektriske hushaldningsapparat

Det var ei bruttofteneste på 18,4 prosent på sal av elektriske hushaldningsapparat i 1998. Salsinntektene utgjorde 7,5 milliardar kroner.

Av desse salsinntektene var 76 prosent, dvs. 5,7 milliardar kroner, selt av bedrifter innanfor engroshandel med elektriske hushaldsapparat, med ei bruttofteneste på 16,4 prosent. Bedrifter innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for handel, transport og tenesteyting elles selde elektriske hushaldningsapparat for 765 millionar kroner. Dette svarar til 10,2 prosent av alt sal av elektriske hushaldningsapparat i 1998. Bruttoftenesta var 29,4 prosent, noko som var ein god del høgare enn innanfor engroshandel med elektriske hushaldsapparat. Mesteparten av salet av hushaldningsapparat innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for handel, transport og tenesteyting elles gjaldt storhushaldningsmaskiner og -utstyr, med salsinntekter og bruttofteneste på 623 millionar kroner og 28,4 prosent. Innanfor engroshandel med hushaldsvarer til personleg bruk ikkje nemnd annan stad vart det selt elektriske hushaldsvarer for 466 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 14,3 prosent. Denne bruttoftenesta er ein god del lågare enn for dei to andre næringsundergruppene, kor bruttoftenesta var 29,4 og 16,4 prosent.

Dersom ein ser på salet av elektriske hushaldningsapparat innanfor engroshandel med elektriske hushaldsapparat, vart det selt mest av vaskemaskinar, tørketromlar og tørkeskap, med 1,4 milliardar kroner. Salsinntektene for heimefrysarar, kombinasjonsskap og kjøleskap utgjorde 1 milliard kroner innanfor denne næringsundergruppa, medan salsinntektene for komfyrar, kokeplater og komfyrtoppar utgjorde 810 millionar kroner. Bruttoftenesta for desse 3 varegruppene var høvesvis 16,3, 12,8 og 14,3 prosent. Elles vart det selt brødristarar, kaffitraktatar, vaffeljern, o.l. kjøkenutstyr for 412 millionar kroner, medan salsinntektene for støvsugarar utgjorde 368 millionar kroner. Bruttoftenesta for desse varegruppene var 19,5 og 20,1 prosent.

7.2. Lamper

Det vart selt lamper, lampettar etc. med utstyr for 2,5 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 24,1 prosent.

66 prosent av desse salsinntektene kom frå sal av desse produkta i næringsundergruppa engroshandel med lysutstyr. Totalt vart det innanfor denne næringsundergruppa selt denne typen utstyr for 1,7 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 26 prosent. Innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for kraftproduksjon og installasjon vart det selt lamper, lampettar etc. med utstyr for 365 millionar kroner, dvs. 14,3 prosent av alt sal av denne varegruppa, med ei bruttofteneste på 26 prosent.

Innanfor engroshandel med møblar og innreiingsartiklar og innanfor engroshandel med elektriske hushaldsapparat vart det selt lamper, lampettar, etc. med utstyr for høvesvis 200 og 126 millionar kroner i 1998. Dette svarar til 7,9 og 4,9 prosent av alt sal av denne varetypen. Bruttoftenesta vart på høvesvis 11,7 og 12 prosent, noko som var mykje lågare enn innanfor engroshandel med lysutstyr og kraftproduksjon og installasjon, kor bruttoftenesta utgjorde 26 prosent.

8. Datamaskiner og datateknisk utstyr, telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner

8.1. Datamaskiner og datateknisk utstyr


Salsinntektene og bruttofortenesta på datamaskiner og datateknisk utstyr var på høvesvis 36,3 milliardar kroner og 14,1 prosent i 1998. Bedriftene innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for kontor hadde 90,2 prosent av desse salsinntektene, og ei bruttoforteneste på 13,9 prosent på salet av denne typen varer. Salsinntektene var høgast for sal av datamaskiner, med 19,9 milliardar kroner. Bruttofortenesta var til gjengjeld 11,4 prosent, noko som var det lågaste for datamaskiner og datateknisk utstyr i denne næringsundergruppa. Det var òg selt skjermar, skrivarar, datarekvisita for 4,9 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 15 prosent. Elles vart det i denne næringsgruppa selt serverar og/eller fleirbruksmaskiner, programvare og nettverksprodukt for høvesvis 2,3, 2,2 og

2,4 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 18,7, 26,5 og 14,1 prosent.


8.2. Telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner

Salet av telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner gav norske bedrifter innanfor engroshandel ei salsinntekt og bruttoforteneste på høvesvis 7,5 milliardar kroner og 18,4 prosent i 1998. Bedriftene innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for kontor hadde 62,5 prosent av desse salsinntektene, og ei bruttoforteneste på denne typen varer på 19,9 prosent. Bruttofortenesta var høgast for sal av kopimaskiner og utstyr, med 31,3 prosent. Salsinntektene for denne varegruppa utgjorde 948 millionar kroner.

Figur 8.1. Engroshandel med maskiner og utstyr for kontor. Bruttoforteneste på datamaskiner og datateknisk utstyr, etter varegruppe. 1998. Prosent



Figur 8.2. Engroshandel med maskiner og utstyr for kontor. Bruttoforteneste på telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner, etter varegruppe. 1998. Prosent



Det vart òg selt telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner innanfor andre næringsundergrupper. Bedrifter innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for kraftproduksjon og installasjon selde denne typen varer for 483 millionar kroner. Dette svarar til 6,5 prosent av totale salsinntekter for denne varegruppa innanfor engroshandel. Bruttofortenesta utgjorde 33,3 prosent. Salsinntektene for telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner var litt høgare innanfor engroshandel med elektriske hushaldsapparat. Der vart det selt for 485 millionar kroner av denne varetypen i 1998, noko som tilsvarar 6,5 prosent av all omsetnad av denne varetypen det året. Bruttofortenesta var på 7,9 prosent. Innanfor engroshandel med radio og fjernsyn vart det selt telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner for 350 millionar kroner, eller 4,7 prosent av all omsetnad av denne varegruppa, med ei bruttoforteneste på 11,5 prosent.

9. Motorkøyretøy og drivstoff

9.1. Motorkøyretøy

Det vart selt for 47,3 milliardar kroner av varehovudgruppa motorkøyretøy, landbruksmaskiner og anleggsmaskiner med utstyr og rekvisita i 1998, med ei bruttofteneste på 16,7 prosent.

Av desse salsinntektene hadde bedriftene innanfor engroshandel med motorkøyretøy 53,2 prosent. Det tyder at dei selde slike varer for 25,1 milliardar kroner dette året. Sjølv om det vart selt mest av motorkøyretøy, landbruksmaskiner og anleggsmaskiner med utstyr og rekvisita innanfor denne næringa, var det òg den næringa som hadde lågast bruttofteneste på slikt utstyr, med 12,1 prosent. Dette skuldast i all hovudsak sal av andre varer enn dei andre næringsundergruppene selde. Innanfor engroshandel med motorkøyretøy selde dei mest personbilar, stasjonsvogner, varebilar og lette lastebilar, med salsinntekter og bruttofteneste på 19,4 milliardar kroner, og 10,6 prosent. Desse bedriftene selde òg reservedelar for 2,2 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 28,5 prosent.


Engroshandel med delar og utstyr til motorkøyretøy hadde 16,1 prosent av salsinntektene til varehovudgruppa, dvs. dei selde motorkøyretøy, landbruksmaskiner og anleggsmaskiner med utstyr og rekvisita for 7,6 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 30,3 prosent. Salet av reservedelar var på 4 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 34,3 prosent. Dette var både den varegruppa med størst salsinntekt og høgast bruttofteneste i denne næringsundergruppa. Bruttoftenesta på slikt utstyr var òg høgare her enn innanfor engroshandel med motorkøyretøy, kor salet av reservedelar gav ei bruttofteneste på 28,5 prosent. Elles selde bedriftene innanfor engroshandel med delar og utstyr dekk for 1,8 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 24,5 prosent. I tillegg selde dei rekvisita for 1,6 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 27,2 prosent.

Engroshandel med maskiner og utstyr for bygge- og anleggsvirksomhet hadde 12,5 prosent av salsinntektene til varehovudgruppa, dvs. desse bedriftene selde denne typen varer for 5,9 milliardar kroner, med


ei bruttofteneste på 17,8 prosent. Salet av anleggsmaskiner med utstyr utgjorde 4,8 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 15,3 prosent. I tillegg selde bedriftene mellom anna reservedelar for 1,1 milliardar kroner, noko som gav dei ei bruttofteneste på 28,9 prosent.

Bedriftene innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for jordbruk og skogbruk hadde 10,3 prosent av salsinntektene til varehovudgruppa, dvs. salet deira utgjorde 4,9 milliardar kroner av denne typen varer. Bruttoftenesta var 17,4 prosent. Bedriftene selde mest traktorar og treskarar. Dei selde denne varetypen for 1,9 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 12 prosent. Det vart i tillegg selt maskiner og utstyr for skogdrift for 905 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 16,1 prosent. I tillegg selde bedriftene traktormontert utstyr og reservedelar for høvesvis 779 og 655 millionar kroner. Bruttoftenesta for desse to varegruppene var på 20,6 og 31,2 prosent.

Figur 9.1. Motorkøyretøy. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mrd. kroner



Figur 9.2. Engroshandel med drivstoff og brensel.
Bruttoforteneste for petroleumsprodukt. 1998. Prosent



9.2. Petroleumsprodukt

Norske engroshandelsbedrifter selde petroleumsprodukt for 17,8 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 25,5 prosent. Bedriftene innanfor engroshandel med drivstoff og brensel hadde 95,7 prosent av desse salsinntektene, og oppnådde ei bruttoforteneste på desse varene på 25,1 prosent. Desse bedriftene selde mellom anna bilbensin for 3,1 milliardar kroner, og ei bruttoforteneste på 35,9 prosent. I tillegg selde dei blant anna autodiesel for 2,8 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 32,6 prosent. Lågast bruttoforteneste hadde desse bedriftene på salet av marine gassoljer, med 8,1 prosent. Av denne varegruppa selde bedriftene innanfor engroshandel med drivstoff og brensel for 2,6 milliardar kroner i 1998. Bedriftene selde òg motoroljer, smøremiddel, etc. for 1,3 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 38,2 prosent. Dessutan selde dei lett fyringsolje for 1,1 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 30,6 prosent.

10. Byggjeverar, fargevarer, beslagvarer, handverktøy og hagereiskapar


10.1. Byggjeverar, fargevarer og beslagvarer

Det vart selt byggjeverar, fargevarer og beslagvarer for 29,7 milliardar kroner innanfor engroshandel i 1998, med ei bruttoforteneste på 20,9 prosent.

Det største salet av byggjeverar, fargevarer og beslagvarer innanfor engroshandel hadde bedrifter med næringsundergruppa engroshandel med trelast. Dei selde denne typen varer for 10,1 milliardar kroner, noko som svarar til 34,1 prosent av alt sal av byggjeverar, fargevarer og beslagvarer innanfor engroshandel. Bruttofortenesta på dette salet var 19,6 prosent. Salet fordelte seg med bl.a. 3,2 milliardar kroner på sal av bygningsplater og 2,9 milliardar kroner på sal av trelast. Bruttofortenesta var høvesvis 16,9 og 22,5 prosent. Vidare vart det selt hardtre og finar til møbel- og trevareproduksjon for 846 millionar kroner, dører og garasjeportar for 737 millionar kroner, golv for 636 millionar kroner, vindauge og vindaugsglas for 399 millionar kroner, samt innreiingar til kjøken, bad og garderobe for 294 millionar kroner. Bruttofortenesta for desse varegruppene var høvesvis 20,7, 20,6, 18,6, 13,1 og 21,5 prosent. Utanom desse varegruppene vart det selt beslagvarer for 219 millionar kroner, blokker, heller og belegningsstein for 209 millionar kroner og takprodukt for 208 millionar kroner. Bruttofortenesta på desse tre varegruppene var på 28,3, 14,1 og 15,8 prosent.

Innanfor byggjeverar ikkje nemnd annan stad vart det selt byggjeverar, fargevarer og beslagvarer for 9,2 milliardar kroner i 1998. Dette svarar til 31,6 prosent av alt sal av denne varetypen innanfor engroshandel dette året. Bruttofortenesta var på 16,5 prosent. Størst salsinntekt innanfor denne næringsundergruppa var det for sal av sement, med 2,4 milliardar kroner, og ei bruttoforteneste på 15,8 prosent. Høge salstall var det òg for varegruppene blokker, heller og belegningsstein og for bygningsplater, papp og isolasjon. Salet av desse to varegruppene utgjorde 1,5 og 1,4 milliardar kroner, medan bruttofortenesta var på 12,3 og 14,5 prosent. Andre varegrupper med relativ høge salstall var trelast, dører og garasjeportar, kermaiske fliser og takprodukt. For desse fire varegruppene vart det selt for høvesvis 724, 599, 437 og 413 millionar kroner, medan

Figur 10.1. Byggjeverar, fargevarer og beslagvarer. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mrd. kroner



bruttofortenesta var på 15, 16,2, 32 og 13,8 prosent. Det vart selt vindauge og vindaugsglas for 310 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 12,1 prosent. Salsinntektene for lim, fugemasse, sparkel, løysemiddel, etc. var på 288 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 35,7 prosent. Det vart vidare selt beslagvarer for 219 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 24,7 prosent, medan det vart selt golv og innreiingar til kjøken, bad og garderobe for 219 og 222 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 12,7 og 20,7 prosent. Andre varegrupper med salsinntekt større enn 100 millionar, var måling, lakk og beis, med 153 millionar kroner og ei bruttoforteneste på 11,1 prosent.

Innanfor næringsundergruppa engroshandel med fargevarer vart det selt byggjeverar, fargevarer og beslagvarer for 2,7 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 21,8 prosent. Dette svarar til 9,1 prosent av det totale salet av byggjeverar, fargevarer og beslagvarer innanfor engroshandel i 1998. Mesteparten av desse inntektene gjaldt sal av måling, lakk og beis, kor

det vart selt slike varer for 1,8 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 23,3 prosent. Det vart dessutan selt lim, fugemasse, sparkel, løysemiddel, etc. for 397 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 24 prosent. Det var òg selt golvbelegg og heildekkingsteppe for 208 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 10,6 prosent. Salet av verktøy, reiskap for måling, tapetsering, o.l. utgjorde 129 millionar kroner, medan det vart selt tapet, strie og anna veggbelegg for 101 millionar kroner. For desse to varegruppene var bruttoftenesta på 19 og 17 prosent.

Bedrifter innanfor engroshandel med jernvarer, rørleggjarartiklar og oppvarmingsutstyr selde byggjeverer, fargevarer og beslagvarer for 2,5 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 33,3 prosent. Dette svarar til 8,3 prosent av alt sal av denne varetype i 1998. Det største salet gjaldt naturlegvis beslagvarer, som det vart selt for 1,7 milliardar kroner for i denne næringsundergruppa. Bruttoftenesta var på 35,5 prosent. Det vart dessutan selt lim, fugemasse, sparkel, løysemiddel, etc. for 298 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 42 prosent.

Innanfor engroshandel med golvbelegg og golvteppe var salet byggjeverer, fargevarer og beslagvarer på 1,2 milliardar kroner. Dette svarar til 3,9 prosent av det totale salet av desse vareslaga innanfor engroshandel i 1998. Bruttoftenesta var på 28 prosent. Salet av golvbelegg og heildekkingsteppe utgjorde 772 millionar kroner, medan det òg vart selt golv for 183 millionar kroner. Bruttoftenesta utgjorde høvesvis 27 og 23 prosent.

Norske bedrifter innanfor engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk selde byggjeverer, fargevarer og beslagvarer for 1 milliard kroner, med ei bruttofteneste på 14,2 prosent. Salet av denne varetypen utgjorde 606 millionar kroner innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for byggje- og anleggsverksemd. Bruttoftenesta var her på 24,8 prosent.

10.2. Handverktøy og hagereiskapar

Det vart selt handverktøy og hagereiskapar for 6,2 milliardar kroner i 1998, med ei bruttofteneste på 25,7 prosent.

Det største salet av denne varetypen hadde bedrifter innanfor engroshandel med jernvarer, rørleggjarartiklar og oppvarmingsutstyr. Dei selde slike varer for 3,1 milliardar kroner, eller 50 prosent av totalt sal av denne varetypen i 1998. Bruttoftenesta var på 25,2 prosent. Salet fordelte seg med 1,3 milliardar kroner både på elektrisk og motorisert verktøy og reiskapar (unnateke hagereiskapar) og handverktøy og -reiskapar (ikkje elektriske og motoriserte). Bruttoftenesta var på 23,3 og 32,3 prosent. I tillegg vart det selt anna handverktøy, hagereiskapar, etc. for 480 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 11,4 prosent.

Bedrifter innanfor engroshandel med maskinverktøy selde handverktøy og hagereiskapar for 1,1 milliardar kroner. Dette svarar til 17 prosent av totalt sal av denne varetypen i 1998. Bruttoftenesta var på 29,7 prosent. Salet fordelte seg på 864 millionar kroner på elektrisk og motorisert verktøy og reiskap (unnateke hagereiskapar), 100 millionar kroner på handverktøy og -reiskapar (ikkje elektriske og motoriserte), 67 millionar kroner på hagereiskapar og 27 millionar kroner på anna handverktøy, hagereiskapar, etc. Bruttoftenesta var høvesvis 30,6, 30,5, 20,6 og 20,3 prosent.

Innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for jordbruk og skogbruk vart det selt handverktøy og hagereiskapar for 793 millionar kroner, eller 12,7 prosent av totalt sal av denne varetypen i 1998. Bruttoftenesta var på 23,5 prosent. Størst salsinntekt for denne typen produkt i denne næringsundergruppa var det for elektriske og motoriserte hagereiskapar, med 635 millionar kroner, og ei bruttofteneste på 22,9 prosent. I tillegg vart det bl.a. selt elektrisk og motorisert verktøy og reiskapar (unnateke hagereiskapar) for 88,3 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 30 prosent.

Bedrifter innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for byggje- og anleggsverksemd selde handverktøy og hagereiskapar for 178 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 34,6 prosent. Salet fordelte seg på to varegrupper, nemleg handverktøy og -reiskapar (ikkje elektriske og motoriserte) og elektrisk og motorisert verktøy og reiskapar (unnateke hagereiskapar). Salet utgjorde 100 og 78 millionar kroner, medan bruttoftenesta var på 35,1 og 34 prosent.

11. Kjøkenutstyr, servise, pynte- og utstyrsvarer

11.1. Kjøkenutstyr

Det vart selt kjøkenutstyr (unnateke servise og elektriske hushaldningsapparat) for 1 milliard kroner i 1998, med ei bruttofteneste på 23,4 prosent.


Innanfor næringsundergruppa engroshandel med kjøkenutstyr, glas og steintøy vart det selt kjøkenutstyr for 311 millionar kroner. Dette svarar til 31,1 prosent av alt sal av denne varetypen innanfor engroshandel i 1998. Bruttoftenesta utgjorde 28 prosent, noko som var ein god del høgare enn innanfor dei andre næringane som selde kjøkenutstyr, kor bruttoftenesta utgjorde 23,9, 18,7 og 13,5 prosent.

Dersom ein ser på fordelinga av salet av kjøkenutstyr innanfor engroshandel med kjøkenutstyr, glas og steintøy, vart det selt kokekar, steikjepanner, bestikk og anna kjøkenutstyr (unnateke elektriske apparat, servise og hushaldningsvarer i plast og tre) for 198 millionar og hushaldningsvarer i plast og tre for 113 millionar kroner på hushaldningsvarer i plast og tre. Bruttoftenesta var på høvesvis 26,3 og 31,1 prosent.

Innanfor engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk ikkje nemnd annan stad vart det selt kjøkenutstyr for 201 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 23,9 prosent. Dette svarar til 20,1 prosent av alt sal av kjøkenutstyr innanfor engroshandel i 1998. Salet fordelte seg med 45 millionar kroner på sal av kokekar, steikjepanner, bestikk og anna kjøkenutstyr (unnateke elektriske apparat, servise og hushaldningsvarer i plast og tre) og med 156 millionar kroner på hushaldningsvarer i plast og tre. Bruttoftenesta var på høvesvis 29,3 og 22,3 prosent.

Bedrifter innanfor engroshandel med jernvarer, rørleggjarartiklar og oppvarmingsutstyr selde kjøkenutstyr for 165 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 18,7 prosent. Innanfor næringa engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nyttingsmiddel vart det selt kjøkenutstyr for 99 millionar kroner, og ei bruttofteneste på 15,7 prosent. Heile denne summen gjaldt sal av hushaldningsvare i plast og tre. Salet av kjøkenutstyr innanfor engroshandel med møblar og

Figur 11.1. Kjøkenutstyr. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mill. kroner




innreiingsartiklar utgjorde 89 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 13,5 prosent.

11.2. Servise, pynte- og utstyrsvarer

Det vart selt servise pynte- og utstyrsvarer (unnateke hushaldningsvarer i plast og tre) for 1,9 milliardar kroner i 1998, og ei bruttofteneste på 27,5 prosent.

Det største salet av servise, pynte- og utstyrsvarer hadde bedrifter innanfor engroshandel med kjøkenutstyr, glas og steintøy, kor det vart selt slike varer for 705 millionar kroner i 1998. Dette svarar til 36,3 prosent av totalt sal av servise, pynte- og utstyrsvarer innanfor engroshandel i 1998. Bruttoftenesta var på 27,6 prosent. Salet fordelte seg med 326 millionar kroner på keramikk, porselen, steintøy (merkevarer), 111 millionar kroner på glas, 95 millionar kroner på keramikk, porselen, steintøy (billegvarer), 109 millionar kroner på småvarer og med 65 millionar kroner på juleartiklar. Bruttoftenesta var på høvesvis 27,9, 28,1, 23,4, 28,7 og 29,6 prosent.

Figur 11.2. Engroshandel med kjøkenutstyr, glas og steintøy, og engroshandel med møblar og innreiingsartiklar. Bruttoforteneste på servise, pynte- og utstysvarer, etter varegruppe. 1998. Prosent



Innanfor engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk ikkje nemnd annan stad vart det selt servise, pynte- og utstysvarer for 481 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 29,1 prosent. Dette var den høgaste bruttofortenesta på denne varetypen innanfor engroshandel i 1998.

Innanfor engroshandel med møblar og innreiingsartiklar var dei tilsvarande tala for salsinntekt og bruttoforteneste på servise, pynte- og utstysvarer 249 millionar kroner og 15 prosent. Salet fordelte seg med 14 millionar kroner på glas, 58 millionar kroner på keramikk, porselen, steintøy (billigvarer), 125 millionar kroner på småvarer og med 52 millionar kroner på juleartiklar. Bruttofortenesta var på høvesvis 26,3, 11,9, 12,7 og 20,9 prosent.

Bedrifter innanfor engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nytingsmiddel selde servise, pynte- og utstysvarer for 136 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 10,9 prosent. Også innanfor engroshandel ikkje nemnd annan stad vart denne varetypen selt. Tala for salsinntekter og bruttoforteneste var på 125 millionar kroner og 41,9 prosent.

12. Varer for sport og fritid og fritidsbåtar med utstyr


12.1. Varer for sport og fritid

Det vart selt for 3 milliardar kroner totalt av varer for sport og fritid (unnateke klede og skotøy), med ei bruttoforteneste på 22,4 prosent.

Innanfor engroshandel med sports- og fritidsutstyr, spel og leiker var det selt for 1,6 milliardar av denne typen varer i 1998. Med andre ord vart 53,9 prosent av alt sal av denne typen varer selt innanfor engroshandel med sports- og fritidsutstyr, spel og leiker. Bruttofortenesta utgjorde 26,5 prosent, noko som var særst høgt samanlikna med kva bedrifter i andre næringar oppnådde for denne varetypen. Bruttofortenesta var størst på salet av trim- og vektlyftarutstyr, med 32,6 prosent,

medan bruttofortenesta var lågast for vinterutstyr for sport og fritid, med 21,9 prosent. Bruttofortenesta var nesten like låg for sykklar og sykkelutstyr, med 22,1 prosent. Totalt vart det selt for 190, 433 og 300 millionar kroner av desse tre varetypene i 1998. Elles vart det selt for 293 millionar kroner av vår-, sommar- og haustvarer for sport og fritid, 168 millionar kroner av fiskeutstyr for sport og fritid, 27 millionar kroner for sjøsportsutstyr og for 191 millionar kroner av andre varer for sport og fritid. Bruttofortenesta for desse varegruppene var høvesvis 30,5, 30,8, 27,5 og 27,6 prosent.

Figur 12.1. Engroshandel med sports- og fritidsutstyr, spel og leiker, og engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk ikkje nemnd annan stad. Bruttoforteneste på varer for sport og fritid, etter varegruppe. 1998. Prosent



Det vart òg selt varer for sport og fritid innanfor engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk ikkje nemnd annan stad. Totalt vart det innanfor denne næringsundergruppa selt denne typen varer for 437 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 12,6 prosent i 1998. Også i denne næringsundergruppa var det høgast bruttofteneste for trim- og vektlyftar-utstyr, med 32,4 prosent. Lågast bruttofteneste var det for sykklar og sykkelutstyr, med 8,2 prosent. Nesten like låg var bruttoftenesta for sal av vår-, sommar- og haustvarer for sport- og fritid, med 8,7 prosent. Salsinntektene for desse tre vareslaga var på høvesvis 13, 51 og 183 millionar kroner. I tillegg vart det selt vinterutstyr for sport- og fritid for 52 millionar kroner, fiskeutstyr for sport og fritid for 58 millionar kroner, propan- og campingutstyr for 80 millionar kroner. Bruttoftenesta for desse tre varegruppene var på høvesvis 13,5, 11,5 og 21,3 prosent.

Innanfor engroshandel med delar og utstyr til motor-køyretøy vart det selt varer for sport og fritid for 340 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 13,5 prosent. Dei tilsvarande salstala og bruttofteneste for bedrifter innanfor engroshandel med jernvarer, røyrlaggiarartiklar og oppvarmingsutstyr var 234 millionar kroner og 9,7 prosent.

12.2. Fritidsbåtar med utstyr

Det vart selt fritidsbåtar med utstyr (unnateke fiske-reiskapar) for 1,1 milliardar kroner i 1998, med ei bruttofteneste på 20,6 prosent.

Innanfor engroshandel med sports- og fritidsutstyr, spel og leiker vart det selt denne varetypen for 773 millionar kroner i 1998, og ei bruttofteneste på 18,2 prosent. Størst var salsinntektene for sal av utanbordsmotorar, med 585 millionar kroner, og ei bruttofteneste på 16,2 prosent. Høgast bruttofteneste var det for delar og utstyr til fritidsbåtar, med 33,5 prosent. Salsinntektene for denne varegruppa var på 112 millionar kroner. Lågast bruttofteneste var det på sal av fritidsbåtar, med 11,1 prosent. Salsinntekta utgjorde 77 millionar kroner.

I bedrifter innanfor engroshandel med skipsutstyr og fiskereiskap vart det selt fritidsbåtar med utstyr for 172 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 30,4 prosent.

13. Tekstilvarer og sysaker


Salsinntektene for tekstilvarer og sysaker utgjorde 2,9 milliardar kroner innanfor engroshandel i 1998, med ei bruttofteneste på 27,8 prosent.

65,5 prosent, dvs. 1,9 milliardar kroner, av desse salsinntektene kom frå bedrifter innanfor engroshandel med tekstilar og utstyrsvarer, med ei bruttofteneste på 31,3 prosent. Bruttoftenesta var høgast på varegruppene møbeltekstilar og garn, sytråd, broderiartiklar o.l., med høvesvis 39,7 og 38,4 prosent. Sjølv om desse varegruppene hadde høgast bruttofteneste, var det òg dei varegruppene med lågast salsinntekter, med 53 millionar kroner for møbeltekstilar og 218 millionar kroner for garn, sytråd og broderiartiklar. Den varegruppa med lågast bruttofteneste var gardiner/dekorasjonsstoff, med 23,1 prosent. Salsinntekta utgjorde 396 millionar kroner. I tillegg vart det òg selt sengetøy, dyner, handklede, dukar, o.l. utstyrsvarer for 859 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 32 prosent. I tillegg vart det selt andre tekstilvarer for 374 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 31,9 prosent.

Innanfor engroshandel med møblar og innreiingsartiklar vart det selt tekstilvarer m/sysaker for 456 millionar kroner, og ei bruttofteneste på 19,5 prosent. Dette svarar til 15,7 prosent av alt sal av tekstilvarer og sysaker innanfor engroshandel i 1998. Lågast bruttofteneste var det på salet av husfildtekstilar, med 2 prosent. Dette var òg den varegruppa med lågast salsinntekt, med 9 millionar kroner. Bruttoftenesta på sengetøy, dyner, handklede, dukar, o.l. utstyrsvarer var på 12,6 prosent, med ei salsinntekt på 107 millionar kroner. Bruttoftenesta på løparar/lause golvteppe var på 12,7 prosent, med ei salsinntekt på 121 millionar kroner. Den varegruppa med både høgast salsinntekt og bruttofteneste, var gardiner/dekorasjonsstoff, med høvesvis 208 millionar kroner og 27,7 prosent. I tillegg vart det selt andre tekstilvarer for 11 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 19,6 prosent.

Bedrifter innanfor engroshandel med golvbelegg og golvteppe selde tekstilvarer og sysaker for 162 millionar kroner, med ei

Figur 13.1. Tekstilvarer og sysaker. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mill. kroner



bruttofteneste på 27,7 prosent. Det vart selt løparar/lause golvteppe for 159 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 27,7 prosent. I tillegg vart det selt andre tekstilvarer for 3 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 28,6 prosent.

Innanfor engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk ikkje nemnd annan stad vart det selt tekstilvarer og sysaker for 114 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 17,3 prosent.

14. VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc.


Det vart selt VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc. for 22 milliardar kroner innanfor engroshandel i 1998, med ei bruttofteneste på 26,2 prosent.

Nesten 50 prosent av dette salet skjedde innanfor næringsundergruppa engroshandel med maskiner og utstyr for kraftproduksjon og installasjon. Her vart det selt VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc. for 10,8 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 22,2 prosent. Høgast salsinntekter var det for varegruppene kablar, leidningar, brytarar, støpsel og anna installasjonsmateriell, og for elektrisk og elektronisk utstyr, start- og kontrollapparat etc. (unnateke datamaskiner og datateknisk utstyr, telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner), med høvesvis 4,4 og 4,2 milliardar kroner. Bruttoftenesta var 22,8 og 21,3 prosent. Det vart dessutan selt el. kraftsmateriell, linjemateriell, svakstrømsmateriell etc. for 2,1 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 22,3 prosent. I tillegg vart det selt anna VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc. for 64 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 40,1 prosent.

Innanfor engroshandel med jernvarer, rørleggjarartiklar og oppvarmingsutstyr vart det selt VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc. for 4,1 milliardar kroner, og ei bruttofteneste på 26 prosent. Salet utgjorde 18,8 prosent av totalt sal av denne typen varer. Salet fordelte seg med 3,2 milliardar kroner på røyr og sanitæranlegg (VVS) og 880 millionar kroner på vass- og avløpsmateriell (VA). Bruttoftenesta var høvesvis 26,6 og 23,5 prosent.

Bedrifter innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for handel, transport og tenesteyting elles selde VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc. for 1,7 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 37,8 prosent. Dei selde elektrisk og elektronisk utstyr, start- og kontrollapparat etc. (unnateke datamaskiner og datateknisk utstyr, telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner) for 1,3 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 37,5

Figur 14.1. VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mrd. kroner



prosent. Vidare selde dei el. kraftsmateriell, linjemateriell, svakstrømsmateriell etc. for 120 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 37,4 prosent. I tillegg selde dei anna VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc. for 246 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 39,4 prosent.

Innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for bygge- og anleggsverksemd vart det selt VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc. for 1,5 milliardar kroner, og ei bruttofteneste på 31,2 prosent. Det vart selt vass- og avløpsmateriell (VA) for 404 millionar kroner, og ei bruttofteneste på 26,5 prosent. Salet av røyr- og sanitæranlegg (VVS) utgjorde 291 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 44,9 prosent. Vidare vart det selt anna VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmateriell, etc. for 788 millionar kroner, og ei bruttofteneste på 28,5 prosent.

Dersom ein ser på næringsundergruppa engroshandel med maskiner og utstyr for olje- og gassutvinning, bergverksdrift og industri elles vart det selt VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmaterieil, etc. for 1,5 milliardar kroner. Bruttofortenesta var på 32 prosent. Det vart innanfor denne næringsundergruppa selt elektrisk og elektronisk utstyr, start- og kontrollapparat etc. (unnateke datamaskiner og datateknisk utstyr, telekommunikasjonsutstyr og kontormaskiner) for 435 millionar kroner, og bruttofortenesta var på 22 prosent. Det vart selt røyr- og sanitæranlegg for 199 millionar kroner, og bruttofortenesta var på 40,1 prosent. Vidare vart det selt anna VVS-utstyr, VA-materiell, el. utstyr, el. kraftsmateriell, installasjonsmaterieil, etc. for 847 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 35,2 prosent.

15. Maskiner og utstyr elles

Det vart selt for 27,9 milliardar kroner av maskiner og utstyr elles innanfor engroshandel i 1998. Denne varegruppa omfattar fiskebåtar, skipsutstyr, båtmotorar, fiskereiskapar, kompressorar, kraftmaskiner, motorar, lufttrykkverktøy, betongblandarar, maskiner og utstyr for heising og løfting, maksinverktøy, tekstilbearbeidingsmaskiner, strikke- og symaskiner, maskiner og utstyr for grafisk produksjon, kjøle- og fryseutstyr for næringsverksemd og maskiner og utstyr for oljeverksemd. Bruttofortenesta var på 26,7 prosent.

Bedrifter innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for olje- og gassutvinning, bergverksdrift og industri elles selde maskiner og utstyr elles for 8,8 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 25,2 prosent. Dette svarar til 31,5 prosent av all omsetnad av denne varegruppa innanfor engroshandel i 1998.

Innanfor engroshandel med skipsutstyr og fiskereiskap vart det selt maskiner og utstyr elles for 5,3 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 28,9 prosent. Størst salsinntekt var det for fiskebåtar, skipsutstyr og båtmotorar (unnateke fiskebåtar) med 4,1 milliardar kroner, og ei bruttoforteneste på 29,3 prosent. Elles vart det selt maskiner og utstyr for heising og lyfting for 652 millionar kroner, og ei bruttoforteneste på 31,4 prosent. Det vart selt fiskereiskap for 173 millionar kroner, og ei bruttoforteneste på 21,5 prosent. I tillegg vart det selt andre maskiner og utstyr for næringsverksemd for 426 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 24,6 prosent.

Bedrifter innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for handel, transport og tenesteyting elles selde maskiner og utstyr elles for 3,6 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 24,4 prosent. Dei selde maskiner og utstyr for heising og lyfting for 1,1 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 25,8 prosent. Dei selde òg kjøle- og fryseutstyr for næringsverksemd for 567 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 18,9 prosent. I tillegg selde dei andre maskiner og utstyr for næringsverksemd for 2 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 25,2 prosent.

Innanfor engroshandel med engroshandel med jernvarer, røyrleggjarartiklar og oppvarmingsutstyr vart det selt maskiner og utstyr elles for 2,6 milliardar kroner, og ei bruttoforteneste på 23 prosent. Bedrifter innanfor engroshandel med maskinverktøy selde denne typen utstyr for 2,3 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 32 prosent. Innanfor engroshandel med maskiner og utstyr for bygge- og anleggsverksemd vart det selt slike varer for 1,9 milliardar kroner, og ei bruttoforteneste på 25,9 prosent. Bedrifter innanfor engroshandel ikkje nemnd annan stad selde maskiner og utstyr elles for 1,6 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 29,6 prosent.

16. Malm, metall og metallvarer

Det vart selt malm, metall og metallvarer for 15,7 milliardar kroner innanfor engroshandel i 1998. Bruttofortenesta var på 15,2 prosent.

58,3 prosent av salet av malm, metall og metallvarer kom frå bedrifter med næringa engroshandel med metall og metallhaldig malm. Her vart det selt malm, metall og metallvarer for 9,2 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 14,6 prosent. Det vart selt mest av plater, stenger, profilar, trådar, o.l. av andre metall enn aluminium. Salsinntektene for denne varegruppa var på 5 milliardar kroner, og bruttofortenesta 14,2 prosent. Det vart selt for 3,4 milliardar kroner av råjern og råstål, med ei bruttoforteneste på 14,7 prosent. I tillegg vart det selt av plater, stenger, profilar, trådar, o.l. av aluminium for 814 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 17,2 prosent.

Bedrifter innanfor engroshandel med avfall og skrap selde malm, metall og metallvarer for 714 millionar kroner i 1998, med ei bruttoforteneste på 25,9 prosent. Heile dette salet gjaldt metallskrap.

Innanfor engroshandel med jernvarer, rørleggjarartiklar og oppvarmingsutstyr vart det selt malm, metall og metallvarer for 102 millionar kroner i 1998, med ei bruttoforteneste på 30,5 prosent. All salsinntekta kom frå sal av plater, stenger, profilar, trådar o.l. av andre metall enn aluminium.

17. Varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc.


Det vart selt for 9,4 milliardar kroner av varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc. i 1998, med ei bruttoforteneste på 19,9 prosent.

Bedrifter med næringsundergruppa engroshandel med radio og fjernsyn, selde denne typen varer for 2,4 milliardar kroner og ei bruttoforteneste på 20,1 prosent. Dette svarar til 25,1 prosent av alt sal av slike varer innan engroshandel i 1998. Høgast bruttoforteneste var det på antenner, forsterkarar og anna tilleggsutstyr til radio, TV, video etc. med 29,5 prosent. Salsinntektene utgjorde 32 millionar kroner. Lågast bruttoforteneste var det på høgtalarar (unnateke bilhøgtalarar) og TV-apparat, med 17,1 og 17,9 prosent. Salsinntektene utgjorde 18 og 619 millionar kroner. Det vart òg selt stereoanlegg (radioar, kassettspealarar, CD-spelarar, etc.) for 383 millionar kroner, berbare radioar, kassettspealarar, CD-spelarar, etc. for 140 millionar kroner, videospelarar for 230 millionar kroner, bilstereo-utstyr (radioar, kassettspealarar, CD-spelarar, høgtalarar etc.) for 197 millionar kroner, videokamera med utstyr for 201 millionar kroner, satellittprodukt med utstyr for 169 millionar kroner og andre varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc. for 376 millionar kroner. Bruttofortenesta på desse varegruppene var høvesvis 19,5, 20, 18,9, 24,2, 20,1, 22,2 og 21,4 prosent.

Bedrifter med næringa engroshandel med plater, musikk- og videokassettar selde varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc. for 2,3 milliardar kroner i 1998, med ei bruttoforteneste på 28,8 prosent. Alt salet gjaldt CD-plater, videofilmar, musikk- og videokassettar.

Innanfor engroshandel med elektriske hushaldsapparat vart det selt varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc. for 2 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 9,6 prosent. Høgast bruttoforteneste var det på antenner, forsterkarar og anna tilleggsutstyr til radio, TV, video etc., med 14,3 prosent. Lågast bruttoforteneste var det på satellittprodukt med utstyr, med 4,6 prosent. Det vart selt høvesvis 52 og 83 millionar kroner av desse to varegruppene. Det vart selt TV-apparat for 566 millionar kroner, med ei

Fig 17.1. Varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc. Salsinntekter, etter næringsundergruppe. 1998. Mrd. kroner



bruttoforteneste på 9,9 prosent. Samstundes vart det òg selt videospelarar for 220 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 10,7 prosent. Salet av stereoanlegg (radioar, kassettspealarar, CD-spelarar, etc.) og berbare radioar, kassettspealarar, CD-spelarar, etc., utgjorde 195 og 139 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 8,9 og 10,5 prosent.

Bedrifter innanfor engroshandel med ur, fotoartiklar og optiske artiklar selde varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc. for 1,1 milliardar kroner, med ei bruttoforteneste på 20,2 prosent. Alt salet gjaldt kamera og utstyr for fotografering og fotofilm. Innanfor engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk ikkje nemnd annan stad vart det selt varer og utstyr til radio, TV, video, CD, foto, film, etc. for 556 millionar kroner, med ei bruttoforteneste på 11,2 prosent.

18. Fôr, gjødning, korn- og såvarer

Det vart selt for 12,1 milliardar kroner av fôr, gjødning, korn- og såvarer innanfor engroshandel i 1998, med ei bruttofteneste på 12 prosent. Det var ingen andre varehovudgrupper med unnatak av nærings- og nyttingsmiddel med lågare bruttofteneste innanfor engroshandel i 1998.

96,7 prosent fôr, gjødning, korn- og såvarer var selt innanfor engroshandel med korn-, såvarer og fôr. Innanfor denne næringsundergruppa vart det selt desse varene for 11,7 milliardar kroner i 1998, med ei bruttofteneste på 11,8 prosent.

19. Diverse varer

19.1. Apotekvarer og ortopedisk utstyr og sjukepleiarartiklar

Det vart selt for 13,1 milliardar kroner av apotekvarer innanfor engroshandel i 1998, med ei bruttofteneste på 23,7 prosent.

Av denne summen vart 99,3 prosent selt innanfor engroshandel med sjukepleievarer og apotekvarer, med ei bruttofteneste på 23,6 prosent.

Det vart selt for 4,4 milliardar kroner av ortopedisk utstyr og sjukepleiarartiklar innanfor engroshandel i 1998, med ei bruttofteneste på 33,4 prosent.

Innanfor engroshandel med sjukepleievarer og apotekvarer vart det selt ortopedisk utstyr og sjukepleiarartiklar for 3,6 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 34,3 prosent. Dette svarar til 81,3 prosent av alt sal av ortopedisk utstyr og sjukepleiarartiklar innanfor engroshandel i 1998.

19.2. Parfyme og kosmetikk, og sjampo, såpe, tannprodukt og andre hygieneartiklar

Salet av parfyme og kosmetikk utgjorde 2,4 milliardar kroner innanfor engroshandel i 1998. Bruttoftenesta var på 42,4 prosent. Størst sal av slike produkt var det innanfor engroshandel med parfyme og kosmetikk, med 74,9 prosent av alt sal av denne type produkt. Innanfor denne næringsundergruppa utgjorde salet av parfyme og kosmetikk 1,8 milliardar kroner i 1998, med ei bruttofteneste på 50,4 prosent. Det vart òg selt parfyme og kosmetikk innanfor engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nyttingsmiddel. Der utgjorde salet av parfyme og kosmetikk 371 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 10,5 prosent.

Salet av sjampo, såpe, tannprodukt og andre hygieneartiklar var på 3,6 milliardar kroner i 1998, med ei bruttofteneste på 33,3 prosent. 46,4 prosent av dette salet skjedde innanfor engroshandel med parfyme og kosmetikk. Der vart det selt sjampo, såpe, tannprodukt og andre hygieneartiklar for 1,7 milliardar kroner i 1998, med ei bruttofteneste på 49,3 prosent. Innanfor engroshandel med eit breitt utval av nærings- og

nytingsmiddel vart det òg selt mykje sjampo, såpe, tannprodukt og andre hygieneartiklar i 1998. Innanfor denne næringsundergruppa vart det selt slike varer for 1,2 milliardar kroner i 1998, med ei bruttofteneste på 9,6 prosent. Dette svarar til 33,8 prosent av alt sal av slike produkt i 1998. Innanfor engroshandel med sjukepleievarer og apotekvarer vart det selt sjampo, såpe, tannprodukt og andre hygieneartiklar for 301 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 24,2 prosent.

19.3. Toalettpapir, bind, bleier og anna hygienepapir

Det vart selt for 3,6 milliardar kroner av toalettpapir, bind, bleier og anna hygienepapir i 1998, med ei bruttofteneste på 25,6 prosent. Størst var salet innanfor engroshandel med sjukepleievarer og apotekvarer, med 47,7 prosent av det totale salet. Innanfor denne næringsundergruppa vart det selt toalettpapir, bind, bleier og anna hygienepapir for 1,7 milliardar kroner i 1998, med ei bruttofteneste på 38,4 prosent.

Innanfor engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nyttingsmiddel vart det selt toalettpapir, bind, bleier og anna hygienepapir for 1,3 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 11 prosent. Salet av toalettpapir, bind, bleier og anna hygienepapir i denne næringsundergruppa utgjorde 36,8 prosent av det totale salet innanfor engroshandel. Samstundes vart det selt toalettpapir, bind, bleier og anna hygienepapir for 375 millionar kroner, med ei bruttofteneste på 25,2 prosent innanfor engroshandel med med papir og papp.

19.4. Vaske- og reingjeringsartiklar

Bedrifter innanfor engroshandel selde vaske- og reingjeringsartiklar for 2,7 milliardar kroner i 1998, med ei bruttofteneste på 22,6 prosent. Størst var salet av desse varene innanfor engroshandel med eit breitt utval av nærings- og nyttingsmiddel, kor det vart selt vaske- og reingjeringsartiklar for 1,6 milliardar kroner, med ei bruttofteneste på 12,1 prosent. Dette svarar til 60 prosent av det totale salet av vaske- og reingjeringsartiklar innanfor engroshandel i 1998.

Salet av vaske- og reingjeringsartiklar var på 233 og 228 millionar kroner innanfor næringane engroshandel med tapet- og reingjeringsmiddel og engroshandel med kjemiske produkt, medan salet av desse varene var på 135 og 125 millionar kroner innanfor næringane engroshandel med papir og papp og engroshandel med hushaldsvarer og varer til personleg bruk ikkje nemnd annan stad. Bruttofortenesta var høvesvis 35,2, 54, 29,2 og 46,6 prosent.

19.5. Skrivemateriell og kontorrekvisita

